

Møte nr. 2-2012

**Kontrollutvalet i Bjerkreim
INNKALLES TIL MØTE
16. april 2012 kl. 08.30 på Møterom 2**

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 9/12 [Godkjenning av protokoll frå forrige møte](#)
- 10/12 [Årsmelding og regnskap 2011 for Bjerkreim kommune](#)
- 11/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon. Innspel frå administrasjonen](#)
- 12/12 [Skatteregnskapet 2011 med kontrollrapport frå skatteetaten](#)
- 13/12 [Utkast til prosjektmandat - selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS \(IKA\)](#)
- 14/12 [Kontrollutvalets saker - statusoversikt pr. april 2012](#)

EVENTUELT

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobil tlf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka (*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Vikeså, 10/4-2011

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen
sekretariatet

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000100
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 9 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Sjå vedlagte protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 13. februar 2012.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 13.02.2012.

SANDNES, 25.01.2012

Wencke S. Olsen
daglig leder

Vedlegg:
[Protokoll](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800174
Arkivkode : E: 210
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 10 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2011 FOR BJERKREIM KOMMUNE

Bakgrunn:

Iht. Forskrift om kontrollutvalg § 7 skal kontrollutvalet gi uttale om årsrekneskapen før det vert vedtatt av kommunestyret . Uttalen gis til kommunestyret, men kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet agir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Etter kontrollutvalgsforskriftens §8 skal og kontrollutvalet sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjernotatet) vert fylgt opp.

Saksutredning:

Driftsrekneskapet for 2011 er gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på 6,675 mill. kr. mot et budsjettert negativt resultat på 2,786 millionar kroner. Kommunen har auka sine driftsinntekter i forhold til driftsutgiftene og gjort avsetning til fond på kr 800 000, jfr. note 7. Netto driftsresultat bør som hovudregel utgjere minst 3 % av driftsinntektene for at den økonomiske situasjon skal sjåast på som bra. Bjerkreim har i 2011 eit netto driftsresultat på 3,7 % av dei totale driftsinntektene. Det vert vist til orientering i møtet for nærare gjennomgang av kva som ligg bak årets resultat.

Revisjonsberetning og andre merknader fra revisjonen.

Revisor har gitt normal revisjonsmelding for 2011, og er av den oppfatning at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lover og forskrifter. Revisor har heller ingen kommentarar til budsjett og årsmelding.

Revisor utarbeider i tillegg eit årsoppgjernotat, der framlagt årsrekneskap/årsmelding og revisjonen gjennom året vert oppsummert. Dette vil danna grunnlaget for ei evt. oppfølging frå kontrollutvalet i hht §8. Revisor poengterer at merknader frå revisor undervegs i året i stor grad har blitt retta opp undervegs.

Revisor held elles fram at gjennom revisjonen er det oppnådd betryggande sikkerheit for at rekneskapet ikkje inneheld vesentlige feil. Gjennomgang av budsjettoppfølging, årsrapport og bokføringsrutinar har ikkje avdekket vesentlige avvik. Revisor har derfor gitt revisjonsmelding med positive konklusjonar på alle desse områda.

Revisor uttaler til slutt i årsoppgjernotatet at det ikkje er uteståande forhold som kontrollutvalet plikter å følgja opp. Kontrollutvalet kan likevel om ønskelig gjera ei sjølvstendig vurdering på dette punktet.

Kontrollutvalet er gitt anledning til å knyta kommentarar til årsrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å knyta spesielle kommentarar til rekneskapet ut over forslag til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalets vedtak.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen kommentarar til den framlagte årsrekneskapen for 2011 ut over det som går fram av revisors årsoppgjernotat og revisjonsmelding.

SANDNES, 02.04.2012

Wencke S. Olsen
sekretariatsleder

Vedlegg:

Årsmelding }
Årsrekneskap } Sendt medl. frå Bjerkreim kommune

Revisors årsoppgjernotat

Revisjonsmelding 2011

[Tilbake](#)

Til
Kommunestyret i Bjerkreim

Kopi til:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Administrasjonssjefen

REVISJONSBERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Bjerkreim kommune, som viser kr 125 385 316 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 2 mill. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2011, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunens utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Bjerkreim kommune per 31. desember 2011, og av

resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Uttalelser om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Stavanger, 29.3.2012
Rogaland Revisjon IKS



Cicel T. Aarrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

Tilbake

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800119
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 11 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON. INNSPEL FRÅ
ADMINISTRASJONEN**

Bakgrunn:

I samband med utarbeiding av ny Plan for forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet ønskt å ha ei brei gjennomgang både med det politiske miljøet og med administrasjonen før det vert lagd ein endeleg plan.

Saksutredning:

Til dette møtet er administrasjonen v/rådmannen invitert til å koma med innspel til mulige prosjekt – sett frå administrasjonen si side.

Sekretariatet vil notere mottatte innspel/problemstillingar, og legge desse inn i eit notat som omfattar alle innspel til planen som vil koma inn i løpet av prosessen.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannens innspel til ny Plan for forvaltningsrevisjon til orientering.

SANDNES, 22/3-2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800131
Arkivkode : E: 232
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 12 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

SKATTEREKNESKAPET 2011 MED KONTROLLRAPPORT FRÅ SKATTEETATEN

Bakgrunn:

Kommunen har ansvar for skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskap (skatteoppkrevjarfunksjonen), mens Staten v/Riksrevisjonen har ansvar for revidering av kommunane sine skatterekneskap, og bygger sin revisjon på dei stadlige kontrollane som Skatteetaten gjennomfører. Kontrollavdelinga gir årleg rapport til Riksrevisjonen og til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

Saksutredning:

Bjerkreim kommune har i hatt en nedgang i skatteinngangen fra 2010 til 2011 på kr. 1 828481 (3,38%). I forhold til budsjettert beløp for 2011 utgjør nedgangen kr. 368 770 (0,7 %). Det er grunn til å tru at nedgangen i hovudsak skuldast at skatteøret har blitt nedsett frå 2010 til 2011.

Skatteetaten har overfor skatteoppkrevjar spesielt peika på at skatteoppkrevjar har ikkje utført arbeidsgjevarkontrallar i 2011. Skatteoppkrevjaren har dermed ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningslinjer gjeve av Skattedirektoratet. Skatteoppkrevjar har i den forbindelse nemnt i sin årsrapport at det i 2011 vart bestemt at kommunane Sokndal, Bjerkreim og Eigersund skulle samarbeida om arbeidsgjevarkontrollen. Eigersund skulle ta på seg arbeidsgjevaransvaret og lyse ut stillinga som skatte- og avgifts-revisor. Bjerkreim og Sokndal skulle gå inn i avtalen med 20 % kvar og Eigersund med 60%. Då Bjerkreim begynte å etterlyse stillingsutlysninga, viste det seg at stillinga ikkje var lyst ut grunna mangel på kontorplass. Siste tilbakemelding frå Eigersund var at den skulle lysast ut i 2012. Skatteoppkrevjar i Bjerkreim har på ingen måte ressursar til sjølv å foreta arbeidsgjevarkontroller, og avventar Eigersund's tilbakemelding vedrørande situasjonen.

Målet er å få arbeidsgjevarkontrollen på plass i 2012. Dette forutsetter at Eigersund kommune utlyser stillinga ifølgje avtale. Dersom ingenting skjer i løpet av første kvartal, må vi vurdere andre muligheiter. Det kan i den forbindelse vera aktuelt å kontakta andre kommunar fylket som har ein aktiv arbeidsgjevarkontroll, og eventuelt sjekka muligheita for kjøp av tenester/ enkeltkontrollar.

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2011 ikkje gjeve øvrige pålegg eller tilrådingar.

Kontrollutvalet kan bare ta skatterekneskapen til orientering, då utvalet som nemnt ikkje er pålagt nokon form for behandling av dette rekneskapet. Det er ei statleg oppgåve. Departementet har likevel uttalt at kontrollutvalets tilsynsrolle ikkje er totalt avskoren i høve til skatteoppkrevjaren. Utvalet kan derfor om ønskjeleg knyta kommentarar til organisering av arbeidet el.l.

Skatteoppkrevjar er invitert til møtet for å gå nærare gjennom detaljane i sin rapport og svara på spørsmål.

Sekretariatet anbefaler at kontrollutvalet knyter ein merknad til skatteoppgjeret som gjeld ressursituasjonen knytt til arbeidsgjevarkontrollen.

Forslag til

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Bjerkreim tar skatterekneskapet for 2011 til orientering.
2. Bjerkreim kommune bør sikra at det blir utført lovpålagte arbeidsgivarkontrollar i 2012.
3. Skatterekneskapet m/kontrollrapport for 2011 vert vidaresendt kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

SANDNES, 10.03.2011

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:
Kontrollrapport frå skattefuten
Årsmelding frå skatteoppkrevjar

Arkivsak : 201200024
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 13 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT - SELSKAPSKONTROLL I INTERKOMMUNALT ARKIV IKS (IKA)

Kontrollutvalet i Sandnes¹ har vedtatt å bestilla selskapskontroll i Interkommunalt arkiv (IKA) IKS, og utkast til prosjektmandat vert derfor lagt fram for kontrollutvala i dei andre eigarkommunane. Dette er i tråd med vedtatt Plan for selskapskontroll, der det m.a. står at ” Ei avgjerse om forvaltningsrevisjon vil bli tatt i samarbeid med andre eigarkommunar.....”. Prosjektet er og prioritert i vedtatt plan.

Interkommunalt arkiv IKS er eit offentlig heileigd selskap der i alt 24 kommunar i Rogaland og 4 selskap deltek som eigarar. Selskapskontrollen omfattar alle 24 kommunane.

Saksutgreiing:

Revisor foreslår i sitt utkast til kontrollmandat for gjennomføring av selskapskontrollen at formålet skal vera å *gjennomføre kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i IKA (eigarskapskontroll), og ei analyse av utvalde forhold knytt til selskapet si drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*

Ut frå dette formålet vert det foreslått å sjå nærare på følgjande:

- Korleis er selskapet styrt og korleis er eigarane si oppfølging av selskapet lagt opp?
- Korleis fylgjer selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovreglar om offentlige arkiv?
- Blir selskapet sine aktivitetar rapportert i tråd med lovar og reglar?
- Korleis fylgjer selskapet opp lovreglar om offentlige anskaffingar og offentlegheit?
- Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Slik mandatforslaget ligg føre har det eit samla arbeidsforbruk på 150 timar. Samla arbeidsforbruk er tenkt fordelt på alle eigarane. Dersom alle eigarane deltek i selskapskontrollen vil det bety at eigarkommunane i utgangspunktet må betala for minst 2 timar, mens dei resterande timane vert fordelt etter eigardel. Bjerkreim kommune eig 0,95 %, og det vil seie at for Bjerkreim sitt vedkommande vil kostnadene med å delta i prosjektet bli låge.

¹ Sandnes kommune er største enkelteigaren i Interkommunalt arkiv, og difor er det dei som har teke initiativ til denne selskapskontrollen

Forslag til

VEDTAK:


Kontrollutvalet i Bjerkreim bestiller selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i tråd med det utkastet til kontrollmandat som ligg føre.

SANDNES, 10. april 2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
Utkast til kontrollmandat

[Tilbake](#)

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Eierne i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	Utarbeidet dato/sign.: 02.02.2012/RES	År: 2012
Enhet: Selskapskontroll	Gjennomgått dato/sign.:	Side: 1 av 2
Sak: Kontrollmandat - Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS		

Bakgrunn

Fra 1. juli 2004 er kommunene blitt pålagt å utføre selskapskontroll av egne selskaper jf. kommunelovens § 77.5. Bestillerfunksjonen er i loven lagt til kontrollutvalget i kommunene. Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (heretter kalt IKA) er med i flere av eierkommunenenes plan for selskapskontroll, men uten klar prioritering. Selskapet er kommunalt heleid av 24 Rogalandskommuner og 4 kommunale selskaper.¹ Selskapet er omtalt i eierkommunenenes eierskapsmeldinger. IKA ble stiftet 03.05.02. Formålet med selskapet er å utføre arkivtjenester for eierne i samsvar med selskapsavtalen og arkivloven. Selskapets fullstendige formål (uttømmende) er tatt med i vedlegg.

Spørsmålet om selskapskontroll tas opp med kontrollutvalgene i alle eierkommunene med sikte på å foreta en samordnet gjennomgang. Selskapskontrollen inkluderer også de fire kommunale selskapene. Alle eierne (deltagerne) har en eierrepresentant i eierorganet.²

Formål

Det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i IKA (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).

Problemstillinger

Med bakgrunn i formålet med kontrollen, er det formulert følgende problemstillinger:

- Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?
- Hvordan følger selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovregler om offentlige arkiv?
- Blir selskapets aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?
- Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?
- Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?


Kontrollkriterier

Kontrollkriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og som vi bruker for å vurdere funnene i våre undersøkelser. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området, f.eks. lovverk og politiske vedtak. Ved denne selskapskontrollen tas det utgangspunkt i følgende kilder:

- Lov om interkommunale selskaper
- Selskapsavtalen for IKA
- Lovregler om offentlige arkiv
- Lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet
- Vedtak og føringer o.l. gitt av eierne om eierstrategi for selskapet (ev. utarbeidet eierstrategi)
- KS Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunale selskaper

¹ Dette er kommunene Bjerkreim, Bokn, Eigersund, Finnøy, Forsand, Gjesdal, Hjelmeland, Hå, Karmøy, Klepp, Kvitsøy, Lund, Randaberg, Rennesøy, Sandnes, Sauda, Sokndal, Sola, Strand, Suldal, Time, Tysvær, Utsira og Vindafjord samt selskapene Dalane Miljøverk IKS, IVAR IKS, Ryfylke Miljøverk IKS og Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS.

² Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS er deltager i IKA, slik at habilitetsforhold knyttet til dette må vurderes. Men eierandelen er under 1 % og nærmere vurdering av habilitet anses derfor ikke nødvendig.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Eierne i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	Utarbeidet dato/sign.: 02.02.2012/RES	År: 2012
Enhet: Selskapskontroll	Gjennomgått dato/sign.:	Side: 2 av 2
Sak: Kontrollmandat - Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS		

Metodevalg

Metodisk vil vi benytte intervjuer, dokumentgranskning og analyser samt gjennomgang av vedtak. Eierne vil bli kontaktet mht. eierstrategi/eierstyring av selskapet. Vi vil se på alle representantskapsprotokoller for de tre siste år. Selskapets styre og daglig leder vil bli kontaktet mht. selskapets administrasjon og drift. Vi vil se på alle styreprotokoller for de tre siste år. Ved spørsmålet om selskapet følger lovregler om offentlige arkiv, vil vi i utgangspunktet bygge på selskapets egen redegjørelse om dette. Ved spørsmålet om selskapets aktiviteter blir rapportert i tråd med lover og regler, vil vi i utgangspunktet bygge på tilbakemelding fra selskapets eksterne revisor og dennes revisjonsberetninger. Vi tar for oss de tre siste regnskapsår (2009-2011).

Omfang

Selskapskontrollen vil bli gjennomført av forvaltningsrevisor Rune Eskeland, under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Bernt Mæland og revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad. Samlet tidsanslag til planlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 150 timer. Eierkommunene som deltar i kontrollen blir belastet med minst 2 timer. De resterende timer blir fordelt etter eierandeler.

Vedlegg (selskapets formål)

Selskapsavtalens § 4 Formål og ansvarsområde

Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven.

Selskapet skal tilby depotplass for deltakernes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale.

Selskapet skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos deltakerne. Det kan bl.a. bestå i å utarbeide arkivplan og bygge opp deltakernes arkiv, stå for opplæring og rettledning i arkivsystemer og arkivrutiner, gi råd og ha tilsyn med arkivlokaler, og bistå med annet arkivarbeid, i samsvar med arkivlov og forskrift.

Selskapet kan etter nærmere vedtak av styret prise visse tjenester og således ha egne inntekter. Tjenestene som kan prises skal i hovedsak være slike som ikke vil bli gitt til alle deltakerne, eller som deltakerne vil ha ulik etterspørsel etter, eller tjenester som faller utenfor selskapets hovedformål.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utenom selskapets ordinære arbeidsoppgaver, blir det søkt finansiering mellom deltakerne eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har anledning til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgiver betaler for tjenesten og det ikke går ut over selskapets hovedoppgaver.

Definisjonen av formål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikke myndighet til å fatte vedtak på områder som ikke er nevnt ovenfor.

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800150
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 16.04.2012	Utvalgssaksnr. 14 /2012
---	-------------------------------	-----------------------------------

**KONTROLLUTVALETS SAKER - STATUSOVERSIKT PR. APRIL
2012**

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte fram oversikt over status på bestilte prosjekt og kontrollar, samt andre saker kontrollutvalet har tatt opp til handsaming. Oversikta inneheld og kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Til slutt kjem ei oversikt over andre saker.

Saksutgreiing:

I oversikta finst det ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten kontrollutvalet har bestilt. Denne er oppdatert etter siste mottatte oversikt frå Rogaland Revisjon. Revisor orienterer om framdrift på prosjekta på møtet.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Ny Plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret 17.12.2008. Plan for selskapskontroll vart vedtatt av kommunestyret 21.05.2008. Kontrollutvalet må vedta nye planar innan 31.12.2012.

Til dette møtet vert det lagt fram utkast til prosjektmandat for selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for april 2012 til orientering.](#)

SANDNES, 29. mars 2012

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt pr. april](#)

[Tilbake](#)



Statusoversikt april 2012

Arkivkode: E: 216 -
Saksnr. : 200800150

Vedtekne prosjekt under arbeid/til behandling:

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status - antatt ferdigstild til:</i>
Anskaffelser	14.11.2011	100 t	
<i>Selskapskontrollar</i>			
Interkommunalt Arkiv IKS	16.04.2012	> 10 timar	

Andre saker:

<i>Sak/prosjekt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Status</i>	<i>Merknader</i>
Overordna analyse	06.06.2011	Vert lagt fram i juni	Ca 30 t

Oversikt over prosjekter behandla i kontrollutvalet som skal følgjast opp/er ferdigbehandla::

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølg og svarfrist</i>	<i>Status/dato for evt. purring</i>
Barnevernstjenesten	22.11.2010	05.09.2011	07.09.2011	1. halvår 2012	
Styringssystemer	12.04.2010	21.02.2011	22.02.2011	1. halvår 2012	
<i>Selskapskontrollar</i>					
Rogaland Revisjon IKS	11.04.2011	05.09.2011	07.08.2011	2012	
Dalane Energi IKS	03.06.09	06.06.11	08.06.11	2012	

[Tilbake](#)